

SVEIO KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tirsdag 12. september 2017

Tid: kl. 18.00

Sted: Kommunestyresalen, Sveio kommunehus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidlig som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no.

Rådmannen er invitert/innkalla i sakene 11/17 og 12/17


Saksliste:

- 10/17 Godkjenning av protokoll frå møtet 25.04.17
- 11/17 Forvaltningsrevisjonsrapport - «Internkontroll i Sveio kommune»
- 12/17 Oppfølging av merknader i revisjonsrapport – årsrekneskap 2016
- 13/17 Budsjett 2018 – kontroll og tilsyn - kontrollutvalet
- 14/17 Referat- og orienteringssaker 12.09.17

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 05.09.17

Olav Haugen
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordfører (møte- og talerett)
Revisor (Deloitte AS) (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering) med unnatak av 3.vara HR Stueland (for HC Andersen)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	12.09.17	10/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 25.04.17

Vedlegg: Protokoll frå møtet 25.04.17

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 25.04.17 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 25.04.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 05.09.17

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 25. april 2017 blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Olav Haugen.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Olav Haugen (KrF), Gustav Eidsvåg (FrP), Heidi Selsås (A) og Torill Hagland (H)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Hans Christian Andersen (FrP) på kort varsel
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Oppdragsansvarleg revisor Else Holst- Larsen, Deloitte AS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Økonomisjef Peter O. Lura
MERKNADER TIL INNKALLING:	På kommunens nettsider var feil saks- dokumenter lagt ut.
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 5/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 24.01.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 24.01.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.17:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.17:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 24.01.17 blir godkjent slik han føre.

SAK 6/17 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2017

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar eigenerklæringa for 2017 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.17:

Utvalseiar viste til at slik erklæring skal leggjast fram kvart år. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.17:

Sveio kontrollutval tar eigenerklæringa for 2017 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

SAK 7/17 SVEIO KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til årsrekneskapen 2016 slik den ligg føre (/med desse endringane/tillegga).

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.17:

Utvalseiar innleia. Revisor viste til at det var avlagt rein melding. Det var også levert ein revisjonsrapport. Det er fyrste gong Deloitte har revidert Sveio kommune. Dei var oppteken av at bokføringslova vert følgt og dokumentasjon. Det hadde ført til to merknader, som gjaldt lønnsrutinane og oppdatering av delegasjonsreglementet.

Økonomisjefen kommenterte merknadene og orienterte om rekneskapen. Netto driftsresultat blei på 3,9 %, som er bra, men litt under landssnittet. Det kom inn meirinntekter frå rammeoverføringane, mindre pensjonsutgifter enn forventa og fortsatt låg rente. Aktivitetsnivået er fortsatt høgt. Investeringsutgiftene kom på kr 34,3 mill. Dette var mindre enn budsjettert, då prosjekta Sveio skule og badeanlegget har tatt noko lengre tid enn fyrst tenkt. Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit meirforbruk på underkant av kr 0,4 mill. Dette må kommunestyre finne dekning for.

Lånegjelda har auka frå kr 301 mill. til kr 350 mill. (77 %), som er høgt, men likevel under landssnittet. Kommunen har god likviditet. Han var nøgd med resultatet, som gjer at kommunen kan sette av midlar på fond til seinare.

Utvalet kom med spørsmål om framtidige investeringar og den då veksande lånegjelda. Utvalet konkluderte med at årsresultatet i år var godt for kommunen og kommunane generelt.

Utvalet slutta seg til uttalen og innstillinga om tilbakemelding frå administrasjonen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.17 og innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til årsrekneskapen 2016 slik den ligg føre:

«Årsrekneskapen til Sveio kommune for 2016 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på 6,4 mill.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 17,5 mill. kr. Det utgjer 3,9 % og er omtrent som i fjor.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2016, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2016 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2016 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.16.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Sveio kommune for 2016.»

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.17:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

SAK 8/16 RYVARDEN KULTURFYR KF – REKNESKAP 2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sin årsrekneskap for 2016 slik den ligg føre (med desse endringane).

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.17:

Revisor hadde ingen merknader. Utvalet kommenterte lånet knytte til pensjonsforpliktingane, men var glad over årets overskot, som vil gje føretaket litt handlingsrom og inspirasjon. Utvalet hadde elles ingen merknader til rekneskapen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.17 og innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Sveio vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sin årsrekneskap for 2016 slik den ligg føre:

«Årsrekneskapen er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 57.831.

Kontrollutvalet har merka seg at Ryvarden sin rekneskap for 2016 viser eit netto driftsresultat med kr 170.163 og at føretaket har eit uinndekka lån hos Sveio kommune på kr 138.485.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2016, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2016 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket sin verksemd for 2016 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.16.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Ryvarden Kulturfyr KF sitt årsrekneskap for 2016.»

SAK 9/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.04.17

8. Statusoversikt - april 2017
9. Skatteetaten - kontrollrapport 2016 vedk. skattekvjarfunksjonen for Sveio kommune
10. Karmsund Havn IKS – møte i hamnerådet 23.03.17
11. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS – representantskapsmøte 07.04.17
12. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – representantskapsmøte 24.04.17
13. Haugaland Vekst IKS – representantskapsmøtet 28.04.16
14. Forum for Kontroll og Tilsyn – svarbrev til Foreningen Familie i barnevern
15. Kontrollutvalgskonferansen 01.- 02.02.17

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.17:

Utvalssekretær gjekk igjennom sakene. Utvalet hadde ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.17:

Kontrollutvalet tar referatsakene 8-15 til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt.

Neste møte

Etter møteplanen er dato sett til 13. juni. Utvalet slutta seg til framlegget frå utvalsleiar og sekretær om at møtet vert avlyst, med mindre noko anna skulle tilseie eit møte før sommaren.

Neste møte vil då bli 12. september. Utvalet ønskte at den nye rådmannen blei invitert til møtet. Forvaltningsrevisjonsrapport om «Internkontroll» vil då bli lagt fram og framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn i 2018.

Sveio/Aksdal, 25. april 2017

Olav Haugen
kontrollutvalsleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	12.09.17	11/17
Kommunestyret	25.09.17	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «INTERNKONTROLL I SVEIO KOMMUNE»

Vedlegg: Rapport - forvaltningsrevisjon –«Internkontroll», utarbeida av Deloitte AS (*eige hefte*)

Bakgrunn:

Kontrollutvalet bad i møtet 08.11.16, sak 28/16 revisor å leggje fram til neste møte på nyåret et utkast til prosjektmandat for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan temaet internkontroll. Utvalet vedtok i møtet 24.01.17, sak 2/17 å bestille prosjektet, og revisor skulle komme med rapport til møtet i september. Vedtak i sak 2/17 var følgjande:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll i Sveio kommune» i tråd med det utkast til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den endring:

- rapporten må vere klår til utgangen av august eller seinast 5. september 2017.

Ramma for prosjektet vert sett til 260 timer.

Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke i kva grad Sveio kommune har etablert eit overordna system for internkontroll som femner om alle tenestene i kommunen, og som sikrar tilfredsstillande kontroll av forvaltninga.

Med bakgrunn i føremålet ble det formulert følgjande problemstillingar:

1. Har kommunen etablert eit overordna system for internkontroll?

- I kva grad er det etablert eit felles system for internkontroll i kommunen?*
- I kva grad er det gjeve felles retningslinjer for korleis internkontroll skal utøvast i einingane/tenestene i kommunen?*

2. I kva grad har kommunen arbeidd for å utvikle eit godt kontrollmiljø?

- I kva grad har leinga sett fokus på internkontroll og leiarane sitt ansvar for internkontrollen?*
- Har kommunen etablert etiske retningslinjer og korleis er desse gjort kjent i verksemda?*

- c) I kva grad har kommunen sett fokus på fare for korrupsjon og misleghald?*
- d) I kva grad er det etablert eit system for varsling og oppfølging av varslarar?*
- e) I kva grad har kommunen etablert tydelege mål for tenestene?*
- f) I kva grad er det på overordna nivå i kommunen etablert ei rapportering som gjer det mogleg å ha oversikt og kontroll med kommunen si verksemd?*

3. Korleis blir risikovurderingar nytta i internkontrollen i kommunen?

- a) Innan kva område blir det tatt i bruk risikovurderingar?*
- b) Er det eit system for å følgje opp resultata av gjennomførte risikovurderingar?*
- c) I kva grad er det etablert system for å sikre at leiinga i kommunen er orientert om risikoområda innanfor dei ulike tenesteområda?*
- d) I kva grad er det etablert system for å følgje opp at identifiserte risikoar blir handtert?*

4. I kva grad har kommunen etablert kontrollaktivitetar som skal sikre at sentrale arbeidsprosessar følgjer kommunen sine krav og retningslinjer?

- a) I kva grad er det etablert ei klar arbeidsdeling med tydelege fullmakter/delegasjonar?*
- b) I kva grad er det etablert skriftlege rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsprosessar?*
- c) I kva grad er det eit system for dokumentstyring som sikrar at rutinar blir oppdaterte og gjort tilgjengeleg for dei tilsette på ein føremålstenleg måte?*
- d) I kva grad er det etablert kontrollar for å sikre etterleving av sentrale rutinar og retningslinjer?*
- e) I kva grad er eventuelle kontrollar basert på ei systematisk risikovurdering?*
- f) I kva grad har kommunen etablert eit tenleg avviksmeldesystem?*

5. Er det etablert rutinar for oppfølging av at internkontrollen fungerer slik den var tenkt innanfor kommunen sine einingar/tenesteområde?

Rapporten

Deloitte har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet. Rapporten har vore sendt til Sveio kommune til uttale. Rådmannen sin kommentar er innarbeida i rapporten. Deloitte har oversendt rapporten til sekretariatet innan fastsett frist den 05.09.17.

Revisor sine konklusjonar/tilrådingar er tatt inn i rapporten sitt samandrag, som ligg fremst. Kapittel 1 har ei innleiing til rapporten. Her vert føremål, problemstillingar, metode og revisjonskriteria presentert. Det er mellom anna gjennomført 9 intervjuar.

Kapittel 2 er om Sveio kommune. Kapittel 3 er om internkontrollsystem, kapittel 4 om kontrollmiljø, kapittel 5 om risikovurderingar, kapittel 6 om kontrollaktivitetar og kapittel 7 om oppfølging av kommunen. I kvart kapittel presenterast revisor sine vurderingar.

Tilrådingane går fram av kapittel 8. Uttale frå rådmannen er tatt inn som vedlegg. I vedlegg 2 og 3 følgjer revisjonskriteriene og aktuelle dokumenter og litteratur.

Tilrådinga

I kapittel 8 vert det trukket konklusjon av arbeidet og kome med tilrådingar. Deloitte peiker mellom anna på kommunen har teke i bruk eit felles elektronisk kvalitetssystem med funksjonalitet for dokumentstyring, varslingskanal og avvikssystem, og det er etablert etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde.

Undersøkinga har vist at internkontrollen består av fleire element som heng saman med kommunen sine sentrale styringsverktøy, slik som overordna planverk, delegeringsreglement og anna regelverk, og kommunen sin rapporterings- og møtestruktur.

Samstundes viser undersøkinga at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad har samla elementa i eit felles, overordna internkontrollsystem, og det er heller ikkje etablert felles retningslinjer som gjev føringar for korleis internkontroll skal utøvast i dei enkelte einingane. Internkontrollen framstår som fragmentert.

Revisjonen har anbefalt at Sveio kommune set i verk følgjande tiltak:

- 1. Etablere felles retningslinjer som gjev føringar for korleis internkontroll skal utøvast i dei enkelte verksemdene og i kommunen som heilskap, og under dette:*
 - a) Etablere skriftlege retningslinjer som tydeliggjer ansvar for oppdatering av kommunen sine styrande dokument, rutinar og prosedyrar*
 - b) Etablere rutinar for leiinga sin gjennomgang og oppfølging av kommunen sin internkontroll*
 - c) Vurdere om det er hensiktsmessig å tydeleggjere rollar og for internkontroll gjennom å innføre leiaravtalar og rolle- eller funksjonsbeskrivingar, eller gjennom skriftleggjering av retningslinjer for delegering frå rådmann til leiarnivå under.*
- 2. Etablere rutinar for å sikre at kommunen sine etiske retningslinjer blir gjort kjend for alle tilsette*
- 3. Vurdere å systematisere antikorrupsjonsarbeidet gjennom å etablere tiltak som bidreg til å setje fokus på verdiar, haldningar og kultur blant tilsette, som eit ledd i arbeidet med å utvikle eit godt kontrollmiljø*
- 4. Vurdere korleis arbeidet med å fastsetje og operasjonalisere målbare, kvalitative mål for tenestene kan systemiserast som eit ledd i arbeidet med å utvikle eit godt kontrollmiljø*
- 5. Sørgje for at rapportering som eit ledd i arbeidet med å utvikle eit godt kontrollmiljø skjer i samsvar med kommunen sine rapporteringsrutinar, og at internkontroll og kontrollaktivitetar i større grad går inn som ein del av den ordinære rapporteringa til kommunen*
- 6. Etablere system å sikre at det blir gjennomført formaliserte og dokumenterte risikovurderingar i kommunen, og at desse blir følgt opp og brukt systematisk i kommunen sitt internkontroll- og forbetningsarbeid*

7. *Sikra at det er etablert kontrollaktivitetar ved at arbeidet med å oppdatere og gjere alle retningslinjer og rutinar tilgjengeleg i Risk Manager blir fullført, og vurdere å klargjere ansvaret for oppdatering og revidering av retningslinjer og rutinar gjennom skriftlege rutinar*
8. *Vurdere tiltak for å sikre at kommunen sitt system for å melde og følgje opp avvik blir nytta systematisk i heile organisasjonen, samt at kommunen sin varslingskanal er godt kjend blant alle tilsette*

Uttale

Rådmannen har kome med følgjande kommentar til rapporten:

Takk for ein grei gjennomgang av vår internkontroll. Vi synes at rapporten i større grad og kunne tatt med det som fungerer. Ut over det vil vi takke for gjennomgangen av vårt internkontrollsystem. Dette arbeidet vil ligge til grunn for vårt vidare arbeid på området.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunestyret gjere vedtak om å følgja revisor sin tilrådingar.

Forskrift pålegg kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sitt vedtak knytte til rapporten følgjast opp av rådmannen, jf. kontrollutvalsforskrifta § 12. Det er då naturleg at rådmannen blir bede om å gje ei tilbakemelding på korleis dette er følgt opp. Oppfølgingstida kan vareiere frå 6 til 12 månader. Til denne rapporten vil det vere mest rett å sette 12 månader etter vedtak i kommunestyret.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saka. Forskrift om kontrollutval § 11 slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL**KOMMUNESTYRET:**

1. *Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten ca 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Aksdal, 05.09.17

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	12.09.17	12/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	151	

OPPFØLGING AV MERKNADER I REVISJONSRAPPORT - ÅRSREKNESKAP 2016

Vedlegg: 1. Tilbakemelding — økonomisjefen sitt brev om rekneskapen 2016, dagsett 28.04.17
2. Deloitte si revisjonsrapport, dagsett 18.04.17, brev nr 1

Bakgrunn

Etter forskrift § 8 skal kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader i revisjonsmelding og i årsoppgjersbrev blir fulgt opp:

«Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet,, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp. «

Grunnlaget for handsaminga av Sveio kommune sitt årsrekneskap for 2016 var rekneskapen med notar, rådmannen sin årsrapport og revisor si revisjonsmelding og revisjonsrapport (numerert brev nr 1).

Totalt sett blei rekneskapen for 2016 gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (driftsoverskot) på 6,3 mill kr og eit underskot på investering på 0,3 mill kr. Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 17,5 mill. kr, som er 3,9 % av driftsinntektene.

Revisor hadde ei såkalla rein melding, dvs utan atterhald eller presiseringar. I revisjonsrapporten hadde revisor komme med to innspel til korleis rekneskapen burde ordnast for å vera meir i samsvar med kommunelova. Sekretariatet skrev i saksframlegget at kontrollutvalet måtte vurdere om dei ville ha tilbakemelding frå administrasjonen på det revisjonen tok opp i rapporten. Sekretariatet gjorde framlegg om det og kontrollutvalet vedtok samrøystes i sak 7/17 i møtet 25.04.17:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

Revisjonsrapporten, dagsett 18.04.17, følgjer som vedlegg 2. Brevet/revisjonsrapporten omhandlar to punkt. I revisjonsrapporten skriver revisor elles:

“Kommunen har gjennomgående etablert tilfredstillende rutinar, og det er ikkje avdekka vesentelege feil og manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om».

Revisor meiner leiinga i kommunen burde sjå nærare på:

- *betre rutinar ved innlegging av input i lønssystemet og*
- *ny gjennomgang av finansreglementet gjennom vedtak i kommunestyret.*

Sekretariatet mottok kommunen si attendemelding 03.05.17 (dagsett 28.04.17), og den følgjer saka som vedlegg 1.

Her blir dei forholda som revisor har teke opp nærare kommentert med kva som er gjort eller vil bli gjort. Økonomisjefen omtaler fyrste merknad 5 med å forklare nærare om kommunen sine lønnsrutinar. Han oppsummerer med at *«løysings som er skissert av Deloitte er etter kommunens vurdering meir arbeidskrevjande og i mindre omfang enn den etablerte kontrollen. Kommunen vil gå i dialog med revisor fo å finna ut kvifor skisseret kontrollordning vurderast som betre enn den etablerte.»*

Revisor tilrår at det vert etablert skriftleg signaturkontroll, slik at ein i etterkant kan sjå om etablert kontrollrutine faktisk er gjennomført og kven som har gjennomført kontrollen.

Andre merknad punkt gjeld finansreglementet som ikkje har vore til til kommunestyret sidan 2010. I følgje lova skal reglementet til kommunestyret minst en gang i kvar kommunestyreperiode. Økonomisjefen kjem med ulike årsaker til at det ikkje har vore lagt fram for kommunestyret og skriv at det vil bli lagt fram for kommunestyret i junimøtet.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det har skjedd, men har fått opplyst at saka var nesten klår til formannskapsmøtet 04.19.17, men saka blei utsett, då nokre tabellar måtte rettast. Saka kjem då til kommunestyremøtet i november, då formannskapet har sitt neste møte 23.10.17. Sekretariatet reknar med at dette skjer og inga fleire utsetjingarav denne saka noko lengre, slik at merkningen fell bort.

Sekretariatet si vurdering

Kontrollutvalet har bede om tilbakemelding og det blei gjort kort tid etter vedtaket blei fatta. Det går fram at revisor og administrasjon har ulikt syn når det gjeld rutinar, men sekretariatet meiner det er ikkje grunn for utvalet å fremme nokre pålegg, då det synast som om kommunen har kontroll med dei innlagte tala i lønssystemet og for finansreglementet har valt låg risiko knytte til finansforvaltninga og saka er på veg i systemet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tar rådmannen si attendemelding på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2016 til orientering.

Aksdal, 05.09.17


Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



Økonomiavdelinga

Sveio kontrollutval



Dykkar ref.:

Vår ref.: 2016000453-17/2017005717 Arkiv: N - 103.1 Dato: 28.04.2017

ATTENDEMELDING TIL SVEIO KONTROLLUTVAL - REKNESKAPEN 2016 - REVISJONSRAPPORT 1

Viser til vedtak i kontrollutvalet 25.4.2017. I sak 7/17 ber kontrollutvalet om skriftleg attendemelding på revisjonsselskapet Deloitte sine merknadar til rekneskapen 2016. Merknadane er å finne i revisjonsrapport nr 1. Merknadane 1-4 inneheld ikkje forbetrimoglegheiter for kommunen og blir ikkje kommentert særskilt i dette brevet.

Merknad 5 lønn

I følgje revisjonsfirma Deloitte har dei observert manglande moglegheit for sporing for at tal i lønssystemet stemmer med underliggende arbeidsavtale. Revisor rår til at kommunen etablerer skriftleg signaturkontroll ved innlegging av input i lønssystemet.

Etter kommunens syn har ein tilfredsstillande kontroll for at innlagde tal i lønssystemet stemmer med underliggende arbeidsavtale. Innhald i alle arbeidsavtalar leggst inn i lønssystemet av tilsette ved løn- og personalkontoret. Kven som har registrert kva og når er sporbart i lønssystemet. Kommunen har etablert system for å kontrollere at innlagde data er korrekte. Før kvar lønskøyning sendast aktuelle data på e-post til den einskilde einingsleiar som har budsjettansvar for den tilsette. Einingsleiar skal stadfeste at alle data er korrekte før ein utbetalar løn. I oversendinga blir einingsleiar bedt om å særskilt kontrollere følgjande:

- Nye med oppstart i stilling – dato ?
- Nokon som sluttar – dato ?
- Nokon som har/skal endra stillingsstorleik ?
- Er det nokon som har maksdato lønn – pga sjukdom?
- Har du nokon som skal ha ulønna permisjon? Dato?
- Innvilga kommunal telefon?
- Kilometergodtgjersle ?
- Noko anna?

Løysinga som er skissert av Deloitte er etter kommunens vurdering meir arbeidskrevjande og av mindre omfang enn den etablerte kontrollen. Kommunen vil gå i dialog med revisor for å finna ut kvifor skisserte kontrollordning vurderast som betre enn den etablerte.

Merknad 6 finansreglement

Revisjonsfirma Deloitte påpeikar korrekt at gjeldande finansreglement er vedtatt tilbake i 2010, medan det skal vedtakast minst ein gong per kommunestyreperiode.

Årsaken til at reglementet ikkje blei vedtatt av kommunestyret i kommunestyreperioden frå hausten 2011 til hausten 2015 er samansett. Kommunen har ikkje vurdert det som nødvendig med endra

innhald i vedtatt reglement. Det er heller ikkje registrert ønskje om endring i gjeldande reglement. Kommunen har mellom anna hatt gode vilkår på innskot i bank og stort fokus på låg risiko i praktisert finansforvaltning. Ny økonomisjef som har prioritert mellom mange viktige oppgåver i perioden er og ein årsak. Uansett burde finansreglementet vore til handsaming i kommunestyret i førre kommunestyreperiode. Arbeid med nytt reglement har vore i gang i ei tid, og det er lagt ein plan for vedtak av nytt reglement i kommunestyremøtet 19.6.2017.

Med helsing

Peter Olav Lura
Økonomisjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Sveio kommune
Att.: Kontrollutvalget
Rådhuset

5550 Sveio

Revisjonsrapport nr. 1
(journalføres)

18.april 2017

REVISJONSRAPPORT 2016

1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2016, og vil nytta høvet til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet, og formidla observasjonar som det etter vår vurdering er viktig at leiinga i kommunen er informert om.

Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som nødvendige for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og som grunnlag for vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører ein risikobasert revisjon. Dette inneber at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og gjennomføra ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette skal leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formuesforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredsstillande rutinar, og det er ikkje avdekket vesentlege feil eller manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om.

2 Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa om vesentlege interne kontrollar har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på rekneskapen. Vidare har vi utført kontroll av vesentlege inntekts- og kostnadspostar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekket forhold som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

3 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stort grad vore retta mot å verifisera balansepostane pr. 31.12.2016. Vi har lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi avstemt/kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege kostnader/utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

4 Bokføringslova og dokumentasjon av rekneskapen

Bokføringslova (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskrifta (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) vart frå 1. januar 2011 gjeldande for kommunar og fylkeskommunar, samt kommunale og fylkeskommunale føretak. Det betyr at desse må følgja alle reglane i bokføringslova § 2 til § 14. Vidare må bokføringsforskrifta kapittel 2 til 7 følgjast.

Bokføringslova med forskrifter inneheld enkelte nye krav samt vidarefører ei rekkje krav frå tidlegare lover og forskrifter. På fleire område betyr lova ei innstramming jamført med tidlegare praksis. Bokføringslova § 4 gjev 10 grunnleggjande bokføringsprinsipp som skal følgjast.

Ved utarbeiding av årsrekneskap skal det etter bokføringslova § 11 vere dokumentasjon av alle balansepostar i rekneskapen utan dei som er ubetydelege.

Alle betydelege balansepostar pr 31.12. er tilfredsstillande dokumentert.

5 Lønn

Revisjonen har gjennomgått kommunens rutinar og interne kontroll i forbindelse med nyansettelser, med formål å sjå til at det føreligg signert ansettelseskontrakt, og at lønn i kontrakt stemmer med det som vert lagt inn i lønnssystemet.

Vi har gjennom revisjonen observert manglande sporbarhet for at innlagte tal i lønnssystemet stemmer med underliggende arbeidsavtale. Vi anbefaler at det etablerast skriftlig signaturkontroll ved innlegging av input i lønnssystemet, slik at ein i ettertid kan sjå om etablert kontrollrutine faktisk er gjennomført og kven som har gjennomført kontrollen.

6 Finansreglement

Det blei sist vedtatt finansreglementet for Sveio kommune 1.6.2010. I henhold til forskrift skal «reglementet vedtas minst én gang i hver kommunestyreperiode».

7 Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	12.09.17	13/17
Kommunestyret	11.12.17	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	151	

BUDSJETT KONTROLL OG TILSYN 2018 – KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

Vedlegg: Budsjettframlegg 2018

Saksorientering:

Kontrollutvalet har eit vidt arbeidsfelt og er berre underordna kommunestyret. Kontrollutvalet sitt tilsyn er ikkje avgrensa til berre å gjelde økonomiske forhold. Kontrollutvalet skal også sjå etter at saksførebuing og vedtaksprosessar, både i administrasjonen og i dei andre politiske organa fungerer på ein måte som garanterer oppfylling av alle faglege krav, og varetar grunnleggjande rettstryggleiksomsyn overfor kommunen sine innbyggjarar og andre som måtte bli ramma av vedtaka.

Kontrollutvalet sitt ansvar er i fyrste rekke eit påsjår-ansvar, og utvalet si rolle vil fyrst og fremst vere som bestillar. Ein viktig del av dette ansvaret vil vere å sjå til at bestillingane til revisor tilfredsstillar kommunen si trong til ein kvar tid.

Dersom kontrollutvalet ønskjer å gjere ei tilleggsbestilling hos revisor utover vedteken ramme, må utvalet be kommunestyret om ei høgare ramme.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i følgje forskrifta leggjast fram for kommunestyret samstundes som kommunen samla budsjett for 2018 vert vedteke. Dersom **kontrollutvalet si innstilling** er lagt inn i rådmannen sitt budsjettframlegg frå administrasjonen, er det antatt at det ikkje er naudsynt å leggje framlegget fram som **eige sak**.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter knytte til kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen si samla verksemd. Dette gjer at kontrollutvalet har eit forplikta ansvar for budsjett og regnskap tilsvarande det dei enkelte resultateiningane i kommunen har. Forskrifta pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor **lovpålagte** oppgåver.

I rapport "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane" er det gjeve slik tilråding:

- **Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.**

Forskrift om kontrollutval § 18 seier følgjande om budsjetthandsaminga:

Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen.

Kontrollutvalgets forslag til budsjettamme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets innstilling til kommunestyre”.

Budsjettframlegget er delt inn i 3 hovudpunkt: utgifter til kontrollutvalet sjøl, kjøp av sekretariat- og revisjonsteneste.

1. Kontrollutvalet sine egne utgifter

Budsjettet bygger ein aktivitet i utvalet som tidligare år med fem møte i året. Kontrollutvalet har møta sine på rådhuset om kvelden. Inga møtemat er budsjettert. Det er lagt inn ei auke med midlar for å delta på kurs/møte, då utvalsleiar ikkje har funne rom for det dei siste åra. Budsjettet er klårt mindre enn det andre kommunane legg inn i sine budsjett.

2. Sekretariatstenesta

Sveio kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS og kjøper sekretariatstenestene herfrå. I prisen ligg all normal aktivitet i kontrollutvalet, sakshandsaming, utsending av innkallingar og utskrifter, arkivhald m.m.

Representantskapet vedtok budsjettet for 2018 i møtet 24.04.17, sak 5/17. Budsjettet er utarbeidet på bakgrunn av selskapsavtalen, der det står at det betalast ein årleg fast grunnsom og etter medgått timeforbruk. Frå 01.01.14 har ikkje kommunestyret kunne overstyre IKS'ane sine rekneskapsvedtak.

Kostnadene for Sveio neste år er sett til kr 172.000, som ei auke med 3 %. Auka utover generell pris- og lønnsvekst, skyldast mellom anna høgare utgifter IKA, som no har flytte inn i Arkivenes hus på Ullandhaug.

3. Revisjonstenesta

